

Læringsstøttande prøver

Læringsstøttande prøver kan brukast som eit verktøy i undervegsvurderinga og gir læraren grunnlag for læringsfremjande tilbakemeldingar til elevar på alle nivå. Prøvene er frivillige, og skolen bestemmer sjølv når dei vil gjennomføre prøvene. Eleven kan berre gjennomføre ei prøve ein gong.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 05.12.2017

Vi har læringsstøttande prøver for **grunnskolen** i lesing, rekning og digitale ferdigheiter, og for **Vg1** i lesing, rekning og engelsk. Prøvene gir læraren grunnlag for læringsfremjande tilbakemeldingar til elevar på alle nivå.

Det finst fleire læringsstøttande prøver innanfor kvar av ferdigheitene/faga. Nokre prøver testar heile ferdigheita, mens andre prøver testar berre enkelte område innanfor ei ferdigheit. I [PAS – prøver](#) finn du ein total oversikt over kva for prøver som er tilgjengelege. Der finn du òg lærarretteleingar med utdypende informasjon om kva prøvene måler, kor lang tid du treng på å gjennomføre prøvene, og du kan forhandsvise alle prøvene.

Prøvene er laga slik at utprøvinga (standardane/nivåa skolane kan samanlikne seg med) er gjort på visse steg. Prøvene kan òg brukast på andre nærliggjande steg. Lese- og rekneprøvene på 6. trinn kan til dømes gjennomførast på 5. og 7. trinn.

Det er ikkje meninga at elevene skal øve på læringsstøttande prøver, men det kan være lurt å førebu dei på oppgåvetyper dei vil kunne få. Under finn du nokre eksempelprøver. Vi har ikkje eksempelprøver frå alle dei læringsstøttande prøvene.

Eksempelprøver

Eksempelprøve - lesing 6. trinn, vokabularprøve (bokmål)

Eksempelprøve - lesing 6. trinn, vokabularprøva (nynorsk)

Eksempelprøve - lesing 6. trinn, leseforståelse (bokmål)

Eksempelprøve - lesing 6. trinn, leseforståing (nynorsk)

Eksempelprøve - regning 6. trinn (bokmål)

Eksempelprøve - rekning 6. trinn (nynorsk)

Eksempelprøve - regning Vg1 (bokmål)

Eksempelprøve - rekning Vg1 (nynorsk)

Støtte til undervegsvurderinga

- Prøvene med tilhøyrande rettleiingsmateriell gir skolen og lærarane informasjon om kva elevane meistrar, og kva dei må ha hjelp til å arbeide vidare med.
- Resultata skal brukast til å gi elevane tilbakemeldingar undervegs i opplæringsløpet og danne grunnlag for tilpassa opplæring.
- Prøvene kan gjennomførast når som helst. Eleven kan gjennomføre ei prøve ein gong.
- Resultata skal ikkje brukast til å setje karakterar.
- Resultata skal ikkje rapporterast til Utdanningsdirektoratet.

Påmelding og gjennomføring

Nytt for gjennomføring i 2017

Hausten 2017 skal prøvene gjennomførast i det nye prøveadministrasjonssystemet PAS – prøver. Her kan du lese meir om kva som er nytt.

Gjennomføringsperiode 2017-2018

Dei læringsstøttande prøvene er opne for gjennomføring frå måndag 21. august og ut skoleåret.

For å gjennomføre ei læringsstøttande prøve må skoleadministrator melde på elevene til prøvene i PAS – prøver. Her legg skoleadministrator også til lærarar som prøvegruppeansvarleg. Prøvegruppeansvarleg får tilgang til å starte og overvake ei eller fleire prøver og til resultata etter prøvegjennomføring i PAS – prøver.

Kva for prøver kan ein bruke for dei ulike trinna?

- Skoler med 1. til 7. trinn kan melde på og bruke prøver som er laga for 1. til 10. trinn.
- Skoler med 11. til 13. trinn kan melde på og bruke prøver som er laga for 8. til 13. trinn.
- Skoler med 1. til 10. trinn og skoler med 8. til 10. trinn kan melde på og bruke alle prøver.

[Se hvordan du forbereder gjennomføring av en prøve i PAS-prøver \(vimeo.com\)](#)

[IP-adresser og tekniske krav ved prøver](#)

Resultat

Svaret til eleven og resultat frå læringsstøttande prøver vert tilgjengeleg under «*Resultater*» i PAS – prøver rett etter gjennomføring. Dette gjeld ikkje for prøver med opne oppgåver. Desse må læreren vurdere og skåre i skåringsverktøyet først. Under «*Resultater*» i PAS – prøver kan skoleadministrator og lærer gå direkte til skåringsverktøyet.

Følgende prøver har opne oppgåver

- Læringsstøttande prøve i lesing Vg1 2016
- Læringsstøttande prøve i lesing Vg1 2017